



Arkivnr: 2017/14201-2
Saksbehandlar: Venke Barrikmo

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for opplæring og helse		05.09.2017

Skulehelsetenesta

Samandrag

Fylkesrådmannen viser til verbalforslag sett fram av Roald Kvamme (A) på vegne av A, Krf, Sp, Sv, V og MDG i Fylkestinget 13.12.2016:

«Arbeidet med å byggja ut ei god skulehelseteneste vert styrkt med eit nytt tilskot som skal nyttast til etablering av samarbeidsløysingar med skulehelsetenesta i utvalde kommunar.

...Styrka skulehelsetenesta i dialog med kommunane, prioriterte skular»,

Fylkestinget har sett av kr 2 000 000 til formålet i 2017.

Hordaland fylkeskommune har sidan 2014 hatt eit samarbeid med Bergen kommune og skulehelsetenesta, gjennom prosjektet «Innenfor skolen»; *Hensikten med prosjektet har vært å videreutvikle tilbudet og innholdet i skulehelsetjenesten knyttet til oppfølging av elevfravær. Et viktig mål i prosjektet «Innenfor skolen» har vært å legge til rette for tverrfaglig samarbeid med: skole, fastlege, fysioterapitjenesten, helsestasjon for ungdom og OT/PPT. «Innenfor skolen» er et ledd i skulehelsetjenesten i Bergen kommune sitt samarbeid med Hordaland fylkeskommune.*¹ Gjennom statlege tilskot har deltakande skular fått auka helsesøsterressurs, og prosjektet som etter planen skulle avsluttast 31.12.2017 har hatt ressurs til eigen prosjektleiar.

Den erfaringa som er hausta gjennom prosjektet, viser at det har hatt ein verknad for enkeltelevar. I tillegg har prosjektet gitt auka samarbeid og betre rutinar på den enkelte skule, auka kompetanse til å møte sårbare elevar og samarbeidet mellom Bergen kommune og fylkeskommunen er styrka på dette området. Gjennom prosjektet har samarbeidspartnarane fått auka kompetanse til å møte sårbare elevar.

Gjennom dialog med representantar for *Etat for barn og familie* i Bergen kommune har det kome fram at det er stor interesse og vilje for vidare samarbeid med fylkeskommunen og eit ønskje om å forlengje og utvide prosjektet, som har verdi for fleire skular, med mål om at:

1. *Prosjektet skal utarbeide konkrete rutinar for samhandling mellom skulehelsetenesta og skulen når det gjeld oppfølging av mobbing/krenking. Det gjeld også digital krenking/mobbing.*
2. *Samarbeidet og rutineane som er utarbeidd og utprøvd i forhold til fråvær og fråfall, skal oppretthaldast og vidareutviklast og sjåast i samanheng med arbeidet for å legge til rette for eit godt psykososialt skulemiljø.*
3. *Styrke kompetansen til helsesøstrer i forhold til oppfølging av elevar med samansette behov.*

¹ Prosessrapport for «Innenfor skolen» Skoleåret 2015/2016, s 2.

https://www.bergen.kommune.no/bk/multimedia/archive/00275/Informasjon_om_pros_275921a.pdf

Som tiltak for erfaringsspreiing og kompetanseheving for helsesøstrer i vidaregåande skule, vil det bli gjennomført ein fagdag der invitasjonen vert sendt fleire kommunar

Forslag til vedtak

Bergen kommune får eit tilskot på kr 2 000 000 for styrke skulehelsetenesta gjennom å vidareføre prosjektet «Innenfor skolen» ut 2018. I tillegg blir det arrangert ein fagdag for helsesøstrer i dei vidaregåande skulane i fleire kommunar. Fagdagen skal vere eit samarbeid mellom Bergen kommune og opplæringsavdelinga.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 16.08.2017

Bakgrunn

Bakgrunn for saka ligg i verbalforslag i Fylkestinget 13.12.2016:

Arbeidet med å byggja ut ei god skulehelseteneste vert styrkt med eit nytt tilskot som skal nyttast til etablering av samarbeidsløysingar med skulehelsetenesta i utvalde kommunar.

...Styrka skulehelsetenesta i dialog med kommunane, prioriterte skular,

Fylkestinget sette av kr 2 000 000 til formålet i 2017.

I Helsedirektoratet si *Kartlegging av årsverk i helsestasjons- og skulehelsetjenesten*², blir det i kapittel 3.5 vist til innrapporterte helsesøsterårsverk og tilrådd norm per 1 000 elevar i vidaregåande skule. Resultatet for Hordaland ligg under norm og noko under landsgjennomsnittet. Landssnittet ligg på 1,08 per 1 000 elevar. Fem fylke ligg over tilrådd norm; Oslo, Telemark, Vest-Agder, Nordland og Finnmark.

Vidare har Helsedirektoratet presentert nøkkeltall, der dei under kapittelet om *Helsestasjon- og skulehelsetjenesten*, meiner at norma for vidaregåande opplæring minimum bør vere på 1,3 årsverk per 1 000 elevar. Det er størst skilnad mellom dei faktiske årsverka og norma i vidaregåande skule.³

Men her vert det understreka at den tilrådde norma frå 2010 ikkje reflekterer dagens oppgåver for helsesøstrene. Difor er det viktig å samanlikne faktiske årsverk og kvar desse ligg i forhold til norm.

Hordaland fylkeskommune har sidan 2014 hatt eit samarbeid med Bergen kommune og skulehelsetenesta, gjennom prosjektet «Innenfor skolen», eit prosjekt finansiert av Bergen kommune. *Hensikten med prosjektet har vært å videreutvikle tilbudet og innholdet i skulehelsetjenesten knyttet til oppfølging av elevfravær. Et viktig mål i prosjektet «Innenfor skolen» har vært å legge til rette for tverrfaglig samarbeid med: skole, fastlege, fysioterapitjenesten, helsestasjon for ungdom og OT/PPT. «Innenfor skolen» er et ledd i skulehelsetjenesten i Bergen kommune sitt samarbeid med Hordaland fylkeskommune.*⁴

Prosjektet starta med bakgrunn i gjennomføringstal for dei vidaregåande skulane i 2012-13 og kunnskapen om at frávær og fråfallstal har samanheng med ulike helseutfordringar blant elevane. Frå oppstart i 2015 var prosjektet retta mot frávær i kroppsøvfingsfaget. Seks fylkeskommunale og to private vidaregåande skular deltok i prosjektet, der mandatet var å setje inn tiltak for å redusere frávær.

Prosjektet hadde følgjande delmål i første periode:

1. *Prosjektet skal bidra til å redusere andelen av elevar med «ikkje vurdert» i kroppsøving*
2. *Prosjektet skal auke kunnskapen til skulehelsetenesta om samanhengen mellom einsame elevar, psykisk helse og fråfall i den vidaregåande skulen.*

Prosjektet vart forlenga ut 2017, med utvida mål: *Skulehelsetjenesten og vidaregåande skoler skal samarbeide systematisk for å forbedre det psykososiale miljøet på skolene og redusere mobbing og krenkelser. Jamfør Hordaland fylkeskommune sitt mål om å arbeide systematisk og kontinuerlig med det psykososiale miljøet på skolene.* I den samanheng vart mobbeombodet i Hordaland fylkeskommune invitert inn i ei arbeidsgruppe.

² Helsedirektoratet. Rapport IS/2543, Kartlegging av årsverk i helsestasjons- og skulehelsetjenesten. 10/2016

³ Helsedirektoratet. Nøkkeltall: Primærhelsetjenesten del 1. 23.02.2017

⁴ Prosessrapport for «Innenfor skolen» Skoleåret 2015/2016, s 2.

https://www.bergen.kommune.no/bk/multimedia/archive/00275/Informasjon_om_pros_275921a.pdf

I inneverande periode har prosjektet tre delmål:

4. *Prosjektet skal utarbeide konkrete rutiner for samhandling mellom skolehelsetjenesten og skolen i forhold til oppfølging av mobbing/krenking, samt digital krenking/mobbing.*
5. *Samarbeidet og rutinene som er utarbeidet og utprøvd i forhold til fravær og frafall skal opprettholdes og videreutvikles og settes i sammenheng med arbeidet for å legge til rette for et godt psykososialt skolemiljø.*
6. *Styrke kompetansen til helsesøstre i forhold til oppfølging av elever med sammensatte behov.*

I prosessrapporten frå juli 2016 vert det understreka at erfaringane er ulike frå skule til skule, men totalt sett har prosjektet resultert i:

- Auka tverrfagleg samarbeid
- Forbetra samarbeidsrutinar og skjema
- Kroppsøvingslærarane ser det positive i å vise elevar vidare til helsesøster
- Auka kommunikasjon mellom aktørane på skulen om elevar som treng oppfølging
- Eleven blir i større grad ivaretatt⁵

I den ferske planen *Bergens barn, byens fremtid*, blir det viktige førebyggjande arbeidet skulehelsetenesta gjer, understreka. Samstundes vert det understreka at auka ressursar og bemanning vil styrka tilbodet. Samarbeid med skular, fleirfagleg samarbeid og helsefremjande arbeid har ikkje fått nok fokus tidlegare.⁶

Fråværstal er ein indikator på elevens uheld, jf Idunn Brekke, HIOA: *Mental helse står frem som en helt avgjørende faktor. Dårlig mental helse ser ut til å være en viktig forklaring på hvorfor mange elever faller fra, og det er uavhengig av om eleven kommer fra en rik familie eller familie med lav inntekt.*⁷

Ferske tal for fråvær og elevar som sluttar for elevane i Hordaland fylkeskommune (skuleåret 2016-17) viser ein auke i talet på sluttarar, noko som i tillegg er over landsgjennomsnittet. Fylkeskommunen ligg òg over snittet når det gjeld IV per elev.

Den erfaringa som er hausta gjennom prosjektet viser at det har hatt ein verknad for enkeltelevar. I tillegg har prosjektet gitt auka samarbeid og betre rutinar på den enkelte skule, auka kompetanse til å møte sårbare elevar, og samarbeidet mellom Bergen kommune og fylkeskommunen er styrka på dette området. Gjennom prosjektet har samarbeidspartnarane fått auka kompetanse til å møte sårbare elevar.

Gjennom dialog med representantar for *Etat for barn og familie* i Bergen kommune har det kome fram at det er stor interesse og vilje for vidare samarbeid med fylkeskommunen og eit ønskje om å forlenge og utvide eit prosjekt som har verdi for fleire skular.

Fylkesrådmannen meiner i lys av dei gode erfaringane at det er grunn til å vidareføre prosjektet «Innenfor skolen» gjennom eit styrka samarbeid.

⁵ Prosessrapport for «Innenfor skolen» skoleåret 2015/2016, s 13.

https://www.bergen.kommune.no/bk/multimedia/archive/00275/Informasjon_om_pros_275921a.pdf

⁶ *Bergens barn, byens fremtid. Plan for helsestasjons- og skolehelsetjenesten, Psykisk helse for barn og unge og barnevernet i Bergen 2016-2026.* Bergen kommune, 2016

⁷ Forsking.no: *Psykisk helse avgjørende for om du dropper ut av skolen.* HIOA 10.01.2016